



Frank Brodahl og Ingebjørg Haugland frå Uskedalen i muntert samspel i Rosendal onsdag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det blir ein glimrande konsert i Rosendal og Uskedalen til helga!

Det lovar topp-trompetisten Frank Brodahl (41) uskedalen.no etter dei tre første øvingstimane saman med skulemusikk-korpsa i dei to bygdene i Rosendal Samfunnshus onsdag kveld. Og han forsikrar at dette slett ikkje er noko han seier berre for å vera hyggjeleg. For han legg til: - Dei er svært flinke. Det er berre smådetaljar som må reparerast.

Det er første gongen trompet-ekvilibristen frå Sandnes har eit samarbeidsopplegg med så unge musikarar sjølv om han har hatt liknande prosjekt både på Austlandet og i Rogaland. Og at dette unike samspelet har kome istand kan tilskrivast ein mann: Dirigenten for dei to skulekorpsa. Anders Christensen har vore Brodal sin ven og samarbeidspartnar i rundt 20 år.

- Dette er heilt og hans ide, sa Frank etter den første, harde arbeidsøkta. Før den første konserten laurdag kveld vil han ha gjort unna 10 øvingstimar saman med dei unge musikarane.

Frank slo fast at det var lagt et godt grunnlag før han møtte dei og han var raus med rosen. – Det er mange vaksne som ikkje er så flinke som dykk, sa han.

Møtet mellom meisteren og "rekruttane" var prega av god kontakt og Frank hadde små problem med å formidla gode råd og korreksjonar.

- Kvifor sa du ja til ei slik oppgåve som dette?

- Det er viktig for meg å gje noko attende dit også eg kjem ifrå, svara trompetisten og vart litt ålvorleg.

- Du har også "gått gradane"?

- Om eg har, eg starta i musikkskulen då eg var åtte år og har vore gjennom det same som mange av dei eg no skal spela saman med i Rosendal og Uskedalen. Heldigvis har eg vore i stand til å leva av instrumentet mitt sidan eg var 15 år.

- Men det er i dei seinare åra har det verkeleg har "teke av" for deg?

- Jau, dei siste 10 åra har vore veldig gode. I denne perioda har eg ikkje frykta for korleis eg skal skaffe pengar til husleiga!

- Og med dette prosjektet gjer du ditt til å løfta korpsnivået i Kvinnherad og gje mange unge ein ekstra kveik!

- Jau. hvis eg verkeleg klarar det er mykje av hensikten med det heile oppnådd!



Medan Anders Christensen dirigerer er Frank Brodahl i imponerende aksjon som solist under øvinga i Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)